



Norsk Ornitologisk Forening (NOF)

Sandgata 30 B
N-7012 Trondheim

e-post: nof@birdlife.no internett: www.birdlife.no

Telefon: (+ 47) 73 84 16 40
Bankgiro: 4358.50.12840
Org. nr.: 970 089 748 NVA

Norges Vassdrags og energidirektorat
Postboks 5091, Majorstua
0301 Oslo
E-post: nve@nve.no

Deres ref. 201901315-90 Ark 617	Deres kontaktperson Inger Helene Waagaard Riddervold, Anne Maren Aabøe	Vår ref. 2019-76/420.2	Vår kontaktperson Alv Ottar Folkestad	Dato 20.09.2019
------------------------------------	---------------------------------------------------------------------------------	---------------------------	------------------------------------------	--------------------

Haram vindkraftverk. Godkjenning av detaljplan, miljø-, transport- og anleggsplan og konsesjonsendring

Dykkar brev av 30.08 2019. Saka gjeld vidareføring av konsesjon gitt i 2008, men med vesentleg endring av utbyggingsløysingar og utvida tidsperiode for konsesjonen. Vi merkar oss at Norsk Ornitologisk Forening ikkje er blant høyringspartane som har fått tilsendt MTA- og detaljplan i april 2019.

Som ideell organisasjon og ved å representer allmenne interesser, i denne samanheng «den umælande tredjepart», naturen, meiner NOF å ha klagerett på saksavgjerder etter Energilova.

Norsk Ornitologisk Foreining (NOF) ga viktige innspel til faktagrunnlaget om naturfaglege verdiar og for vurdering av konsekvensar i saks- og høyringsprosessen for gjeldande konsesjon. I brev av 18.03.2005 summerte vi det vi meinte var utilstrekkeleg KU, og at KU-programmet ikkje sikra naudsynte vurderingar i høve til vårt lands ansvar og avtalar nasjonalt og internasjonalt så langt det gjeld naturverdiar knytt til fuglelivet. Det vart peika på at viktige verdi- og konsekvensvurderingar i underlagsmaterialet ikkje kom fram, eller vart omtala på ein måte som ikkje var i samsvar med opplysningar og vurderingar gitt i underlagsrapportane. Enkelte punkt i KU-programmet var ikkje utgreidde. Etter foreininga si oppfatning var utgreiingane ikkje tilstrekkelege for å kunne vurdere miljøkonsekvensane og ta i vare naudsynte miljøomsyn i samband med konsesjonssøknaden. NOF gjekk derfor sterkt imot at det vart gitt konsesjon til eit prosjekt som vi oppfatta å vere i sterkt motstrid til nasjonale miljømål og internasjonale plikter. Når konsesjonen no er oppe til ny vurdering i samband med viktige tekniske og bygningsmessige endringar og forlenga konsesjonsperiode, finn vi det sjølvsagt å sjå kritisk på bakgrunnskunnskap, korleis den vart framstilt og nytta då konsesjon vart gjeven i 2008, halde det opp mot oppdatert kunnskap om endringar i fakta- og verdigrunnlaget, og når det gjeld ansvaret for å rette opp i det vi oppfattar som openberre feilvurderingar og sakshandsamingsfeil gjorde under konsesjonstildelinga i 2008.

Konklusjonar og klage på NVEs godkjenning av konsesjon og MTA-plan for Haram vindkraftverk

Norsk Ornitologisk Foreining konstaterer følgjande:

- Konsesjonsvedtak har vore fatta på mangelfull kunnskap, faktafeil og mangelfullt utgreiingsprogram, gjeld også tilleggsrapporten for fugl i 2019. Delar av utgreiingsprogrammet er ikkje følgt opp (trekkande fugl, trekk-korridora).
- Fleire ansvarsartar internasjonalt og ei rekkje raudlista fugleartar vert berørte av planlagd utbygging slik at ein må rekne med betydelege, negative effektar. NVE sin konklusjon er det motsette utan at det er underbygt med kunnskap.
- KU-vurdering av endra utbyggingsalternativ er ikkje i høve til før-situasjon, men berre i høve til konsesjonsgitt plan og dermed stort sett samanlikna med «worst case».
- Verknader på område som er verna eller som det er gjort framlegg om å verne, er i beste fall berre overflatisk kommentert og utan reell KU-vurdering.
- Fredingsvedtak som er fatta og gjort gjeldande for nærområde til konsesjonsområde, er ikkje nemnt i etterfølgjande fem vedtak om forlenga konsesjon frå NVE.
- Konsesjon til utbygging av Haram vindkraftverk er i strid med Norges nasjonale miljømål så langt det gjeld å ta vare på spesiell og verdifull kystnatur, stadfestat gjennom formalvedtak (vern).

Foreninga vil peike på følgjande tilfelle av sakshandsamingsfeil. Dei to siste tilfellene vil ramme NVE sitt vedtak av 30.08 2019:

- Endring av framlegg til reservatgrenser for Haramøya vestside utan at det er vurdert opp mot verneverdiar, verneformål og behovet for vern.
- Manglande konsekvensvurderingar av vindkraftutbygging og turbinplassering innanfor nærområdet til reservatet Haramsøy vestside.
- Vidareføring og forlenging av konsesjon utan at § 49 i naturmangfaldlova sitt krav om effektvurdering er oppfylt.

NOF er av den klare oppfatning at kunnskapsgrunnlag og konsekvensvurderingar for dei vedtaka som er gjorde, tidlegare og no, med tildeling av konsesjon, vidareføring av konsesjon, og i denne omgang godkjenning av detaljplan, MTA-plan og forlenging av konsesjon, ikkje tilfredsstiller dei krav som må stillast til kunnskapsgrunnlag og KU-utgreiing for ei utbygging i denne form og med den nærliek til nasjonale og internasjonale naturverdiar som er stadfestat gjennom vernevedtak. Konsesjonsvedtak, lenging av konsesjonsvedtak og godkjenning av detaljplan og MTA-plan set til side lovfesta vedtak for vern av norsk natur.

Konklusjon:

Med tilvising til argumenta ovanfor og med grunngjeving i det etterfølgjande, vil Norsk Ornitologisk Forening formelt klage på NVE sine vedtak om godkjent detaljplan og MTA-plan for Haram vindkraftverk og forlenging av tidlegare gitt konsesjon.

Foreninga er klar på at tidlegare gitt og forlenga konsesjon må takast opp til revurdering med sikte på å bli oppheva.

NOF vil underbygge dette i det følgjande:

Heilskapsvurderingar:

1. Lovfesta og etablerte verneområde

I kystlandskapet som går under samlenamnet Nordøyane og som omfattar dei ytre øyane i Haram kommune, saman med Harøya i Sandøy, er det naturverdiar som markerer seg i nasjonal og internasjonal målestokk. Frå Løvsøya i sør til Finnøya i nord har desse verdiane vore vurderte som så store at det er etablert 15 arealfreda verneområde og tre større område med dyrelivsfreding. I tilgrensande område i sørlegaste del av Haram kommune og i Giske, er i tillegg 11 område med arealfreding og eitt større område med dyrelivsfreding, og i skjergarden lengst nord i Sandøy ytterlegare tre arealfreda område. For kystlandskapet frå Breisundet til Saltsteinsleia er det såleis 29 arealfreda område i ytre kystlandskap og i tillegg fire større område med dyrelivsfreding. For 25 av dei arealfreda områda er hovudføremålet å ta vare på dei store verdiane i kyst- og sjøfuglbestandane. For områda med dyrelivsfreding er hovudføremålet å ta vare på fuglelivet. Få andre stader langs kysten er naturverdiane og med hovudvekt på fuglelivet, markert så sterkt gjennom etablert, lovfesta arealvern som her. Dette kan ikkje Norsk Ornitoligisk Forening sjå har vore vektlagt som viktig vurderingstema i verdi- og KU-vurderingane i konsesjonssaka for Haram vindkraftverk, korkje i den ordinære konsesjonssaka i 2008, i samband med konsesjonsforlenging, eller i samband med NVE si godkjenning av detaljplan, MTA-plan og søknad om forlenga konsesjonsperiode, sjølv om konsesjonsområdet for Haram vindkraftverk ligg klemt inn mellom fire arealfreda område og eitt større område med dyrelivsfreding på Haramsøya.

2. Konflikt med verneverdig areal, påverknad på verneføremålet i arealfreda område

Eitt av dei arealfreda områda, Haramsøya vestside, grensar inn til konsesjonsområdet for Haram vindkraftverk langs Liabruna og Hestevollane. Verneføremålet er å ta vare på hekkeplassar for sårbar fugleartar, med hovudvekt på sjøfugl og rovfugl. Utkast til avgrensing av verneområdet var, naturleg nok, å legge reservatgrensa langs øvre fjellkant frå Nova til Stavneset. Då konsesjonssaka for Haram vindkraftverk vart lagt fram, vart grensa mellom reservatframlegg og omsøkt konsesjonsområde diskusjonstema, og framleggget til reservatgrenser blei endra og seinare vedteke til rette liner mellom fastpunkt nede i fjellsida frå sør om Hestevollane til Liabruna og Nova. Reservatgrense vart såleis flytta ut frå fjellkanten i høve til førsteutkast, inntil 70 og 80 m. På det lågaste ligg reservatgrensa på kote 131-132 moh i terrenget, medan fjellkanten ovanfor er på 250 - 270 moh. I fleire område ligg reirplassane for toppskarv (som er hovudart i dag) og vandrefalk utanfor reservatgrensa utan at det synes å vere bevisstgjort i fredingsvedtaket. Arealavgrensinga av reservatet er derfor langt frå i samsvar med det definerte verneføremålet. NOF oppfattar dette som ein alvorleg sakshandsamingsfeil, tydelegvis forårsaka av forsøk på å unngå formell arealbrukskonflikt mellom verneområde og konsesjonssøkt vindkraftområde. Styresmaktene for miljøvern og energi må ta ansvaret for dette, og så lenge hekkeplassane for sjøfugl utanfor det vedtekne verneområdet er intakte, er det behov for å rette opp feilen, ikkje minst med tanke på bestandssituasjonen for toppskarv. Når delar av konsesjonssaka no er under handsaming og har klagefrist, må det vere rett å justere vernevedtaket slik at det kan oppfylle verneformålet fullt ut og la det få konsekvensar også for konsesjonsvedtaket.

Uavhengig av dette vil det faktum at konsesjonsområdet grensar inntil eit naturreservat bli ramma av reelle arealbrukskonflikter gjennom Naturmangfaldlova sin § 49: «(utenforliggende virksomhet som kan medføre skade i et verneområde) Kan virksomhet som trenger tillatelse etter annet lovverk, innverke på verneverdiene i et verneområde, skal hensynet til disse verneverdiene tillegges vekt ved avgjørelsen av om tillatelse bør gis, og ved fastsetting av

vilkår. For annen virksomhet gjelder aktsomhetsplikten etter § 6.» Naturmangfoldlova vart vedteken 19.06 2009 og gjort gjeldande frå 01.07 2009. Nemnde paragraf var såleis ikkje gjeldande då konsesjon for vindkraftverket var gitt i 2008, men er no gjeldande og må leggast til grunn for vurdering av endringane i utbyggingsplanane. NOF oppfattar det som sakshandsamingsfeil at dette ikkje er vurdert i saka.

3. Viktige særdrag i fuglelivet

Som nemnt, må fuglelivet og artsutvalet av fugl på Haramsøya vurderast i nære samanheng med fuglelivet i heile øylandskapet på Nordøyane og vurderast i ein heilskap, slik det er manifestert gjennom dei mange fredingsområda i dette landskapet. Delfunksjonen for kvar einskild øy gjev i sum levedyktige regionale bestandar av fugl innanfor ulike fuglegrupper. Heilskapsperspektivet manglar i tidlegare og nye KU-vurderingar. Dette gjeld følgjande:

a) Hekkande rovfugl

Fuglefaunaen på Nordøyane og langs kysten av Møre og Romsdal elles, har vore kartlagd og overvaka frå slutten av 1960-talet. For rovfugl har dette i stor grad vore kanalisert gjennom fleire overvakingsprosjekt:

- *Prosjekt Havørn* kontinuerleg frå og med 1974 tom. 2019
- *Vandrefalk* – frå og med 1974, først som eige prosjekt på 1970-talet, seinare som biprodukt av Prosjekt Havørn og kartlegging og overvaking av sjøfugl
- *Hubro* – frå og med 1974, først som eige prosjekt på 1970-talet, seinare som biprodukt av Prosjekt Havørn og kartlegging og overvaking av sjøfugl, siste 15 år som del av eige prosjekt

Følgjande rovfuglartar er påvist hekkande på Nordøyane:

- *Havørn* – minst 10 par, to av desse på Haramsøya.
- *Hønsehauk* – påvist hekkande fleire gonger, men uvisst om det skjer årleg. Ein av lokalitetane er på Haramsøya
- *Sporvehauk* – opptrer vanleg. Så vidt NOF har opplysningar er det ikkje påvist hekking, men tilgang på barskogsplantefelt gjer det sannsynleg at så er tilfelle.
- *Fjellvåk* – hekka meir eller mindre årleg i ein periode på 1980-og -90-talet på Haramsøya og med indikasjonar enkelte år også på Løvsøya og Skuløya.
- *Vandrefalk* – minst eitt par hekka i området då bestanden var på botn på 1960-70-talet, men auka raskt til minst 9 par etter at bestanden tok seg opp att fram mot århundreskiftet. Dei siste 10 åra har bestanden på nytt gått tilbake.
- *Dvergfalk* – regelmessig hekkande på fire avøyane om enn ikkje påvist årleg.
- *Tårfalk* – stort sett årleg hekkande på 2-3 av Nordøyane, oftast på Haramsøya og Skuløya.
- *Hubro* – arten er påvist hekkande på alle Nordøyane og er framleis til stades på alle.
- *Hornugle* – påvist hekkande på Haramsøya (plantefelt), og mistenkt hekkande på Skuløya. Arten er sterkt avhengig av museår for å slå seg ned.
- *Jordugle* – påvist hekkande på Haramsfjellet og er som føregåande art avhengig av museår.
- *Kattugle* – ny innvandrar på Nordøyane etter at det vart planta skog og det kom småskogmus til øyane.

Den rike artsvariasjon og etter måten stabile bestandssituasjonen som har prega rovfuglfaunaen på Nordøyane, er openbert eit resultat av at øyane samla dannar eit landskap som held oppe regionalbestandar av dei aktuelle artane basert på byttedyr knytt til kombinasjonen kystlandskap/kulturlandskap og med høg, biologisk produktivitet.

b) Hekkande sjøfugl

Så seint som på 1970-talet var naturen på Nordøyane prega av store og tette koloniar av eit breitt utval av sjøfugl, med hekkebestandar på mange tusen par. Karaktergjevande var toppskarv, måsefuglar (måsar, terner og joar), ærfugl og teist. Dette var viktige byttedyr for fleire av rovfuglartane, særleg vandrefalk og hubro. Haramsøya hadde tette fuglekoloniar i fjellsidene frå Stavneset til Ullahornet, på Ullaholmen og Kroksholmane, og fleire stader på strandflata rundt øya. For tjuvjo gav dei terregdekande myrane på fjellplatåa gode vilkår for kolonihekking, som var eit karaktertrekk for dette landskapet fram til 1970-talet. Ein langvarig periode med næringssvikt, kombinert med innvandring av villmink, gav sviktande ungeproduksjon for dei fleste sjøfuglartane, og etter kvart ein dramatisk bestandsnedgang. Dette har ført til at dei fleste sjøfuglartane i dag har bestandar innanfor ein eller annan kategori på norsk og internasjonal raudlista for artar i fare for å døy ut. Det er den brutale realiteten for arts- og arealforvalting langs kysten, like dominerande på Nordøyane som elles langs Norskekysten og internasjonalt. I eit slikt perspektiv er det avgjerande viktig å ta med historisk kunnskap om kva område som var viktige då sjøfuglbestandane var livskraftige og syte for at slike område ikkje vert utsette for irreversible inngrep som blokkerer for retablering når bestandssitasjonen på nytt blir positiv. Ikkje minst gjeld det platået på Haramsfjellet. Arealtap gjennom inngrep, utbygging og endra arealbruk er ein av dei alvorlegaste trusselfaktorane mot å kunne ta vare på og eventuelt bygge opp att naturverdiane som ein god sjøfuglbestand representerer. Sjøfuglartane har sin eigenverdi, og i eit økologisk perspektiv er sjøfuglane eitt av dei viktigaste bindeledda for biotransport av stoff og energi mellom marine og terrestre økosystem. Med si rekkevidde under fødesøk, også i hekketid, står sjøfuglane for betydelege mengder næringstilførsel til kystlandskapet, levert og konsentrert til hekkeplassane, omsett gjennom vegetasjon på land, dels tilbakeført til strandsone og kystvatn der det gir grunnlag for ulike livsformer og næring.

c) Hekkande strand- og våtmarksfugl

På 1970-talet var det framleis eit arts- og individrikt utval av hekkande våtmarksfuglar på Nordøyane. For Haramsøya var dette særleg i og rundt det grunne Ullasundet, med Ullaholmen og Kroksholmane som viktige hekkeområde. Dette vart viktig vernegrunnlag då Ullasundet vart freda som del av «Verneplan for våtmark i Møre og Romsdal». I strandeng hekka ei rekke vadefuglartar, med vipe, steinvendar, myrsnipe og raudstilk, på sand- eller steinstrender var sandlo og tjeld vanlege, og på myrlendte hei- og beitemarker inn til dyrkamark hekka storspove. Langs tarevollar var gravand karakterfugl, medan grågås var relativt fåtalig hekkefugl. Også dette fuglesamfunnet har endra seg markert i seinare år. Fleire av tidlegare vanlege vadefuglartane har gått tilbake, eller blitt borte, medan andre artar framleis har bra bestandar. Grågåsa har auka betydeleg og er i dag oftast dominerande blant hekkande våtmarksfugl. For Haramsøya gjeld dette først og fremst områda rundt Ullasundet og på Ullaholmen. Eit nytt trekk i grågåsa sin arealbruk er at flokkane i periodar kan trekke opp på dyrka område på fjellplatåa og såleis kome i kollisjonspotensiale for vindkraftverk. NOF kjenner ikkje kor konkret denne problemstilling er for Haramsfjellet.

d) Fugletrekk

Nordøyane med fjordområde mot fastlandet, og skjergardsområde og grunner mot ope hav, ligg midt i hovudtrekkkleia for dominerande fugletrekk langs Norskekysten. På vårtrekk er det først og fremst kystbundne artar som følgjer denne leia, medan enkelte artar følgjer ei meir direkte trekkroute mot hekkeområda i aust og nord. På hausttrekk og særleg i ver-situasjonar der lågtrykkssenter går inn over Danmark og sørlege del av Baltikum, blir fugletrekk frå aust og nordaust leidd ut over Midt-Skandinavia og Trondheimsfjorden og blir konsentrert langs

kysten av Midt-Norge der det møter fugl frå Nord-Norge og Grønland/Kanadisk-arktiske øyar frå nordvest. I slike situasjonar er det betydelege mengde fugl som vert konsentrerte. Avhengig av ver og luftstraumsituasjonane vil betydelege fugleflokkar kunne passere langs høgderyggane på øyane og over øy-platåa og vil då lett kome i faresona for eventuelle vindkraftverk.

4. Utvikling og status for fuglelivet på Haramsøya og i verneområda

a) Rovfugl

Som nemnt, har rovfuglartar vorte overvaka over fleire ti-år i det aktuelle området, med særleg fokus på havørn, vandrefalk og hubro, og med noko ulik tilnærming og metodikk.

- *Havørn* – har vore mest systematisk følgt opp, med første registreringar frå perioden 1956-60, og på årleg basis 1974-2019. Av rundt 30 kjende, aktive hekkelokalitetar i Møre og Romsdal då arten var på sitt lågaste før freding i 1968, var det framleis to hekkepar på Nordøyane (Haramsøya og Skuløya). Dette syner at dei to øyane hadde kvalitetar som sikra overleving av arten også då bestandssituasjonen var nær prekær. Para hadde begge låg reproduksjon over mange år. Først etter utskifting av parfuglar har ungeproduksjonen vore innanfor det normale for arten.
- *Vandrefalk* – overlevde bestandslågmål 1960-70 med eitt par på Skuløya. Då situasjonen vende på 1970-talet, etablerte det seg raskt eit par på Haramsøya og etter kvart tre par på kvar av øyane, saman med tre par til saman på dei andre Nordøyane. Situasjonen heldt seg over mange år, men siste åra har kystbestanden av vandrefalk gått tilbake, mulig som følgje av nedgang i sjø- og kystfuglartar generelt. På Haramsøya har det vore to par, eitt på kvar side av Haramsfjellet. 2019 hadde paret på austsida to ungar flygedyktige.
- *Hubro* – så seint som på 1960-talet var arten fast inventar i fuglefaunaen på alle Nordøyane, stort sett med meir enn eitt par på kvar øy. Det var lett å påvise arten på mytefjør, gulpebollar, byttedyrsrestar og direkte observasjonar, men registreringane er av meir indirekte karakter enn for dei før nemnde artane. Jamfør elles nærmare omtale av metodisk omsyn seinare. Det er ingen tvil om at hubroen gjekk tilbake parallelt med nedgangen i sjøfugl- og kystfuglbestandane utover mot årtusenskiftet. Med behov for systematisk metodikk har det vore nytta lytteregistreringar ved besøk på tidlegare eller potensielle hubrolokalitetar, frå 2015 ved bruk av elektroniske lyttepostar som står over tid. Metodane er avhengig av lyd-aktive fuglar, og negative søk kan ikkje gje sikker konklusjon for om arten er fråverande. Hekkesesongen 2019 er det rapportert observasjon av hubro frå alle Nordøyane, også Haramsøya.

b) Sjøfugl

På 1970-talet var Nordøyane i tal det viktigaste hekkeområdet i Møre og Romsdal for dei fleste måseartane, viktigaste hekkeområdet for terner og viktigast for hekkande tjuvjo. Møre og Romsdal var det viktigaste hekkeområdet for toppskarv i Norge. Ved sida av den store kolonien på Runde, hadde Nordøyane størst konsentrasjon av arten, med koloniar på fleire hundre par på Løvsøya og Haramsøya, og konsentrasjonen i fylket var internasjonal betydeleg. Bestanden kollapsa frå 1975, for Nordøyane dels utslag av fleire år med ukontrollert jakt i og nær koloniane straks jakttida opna og før fuglane trekte bort frå koloniane, seinare som resultat av svikt i ungeproduksjon samstundes som skarvejakt og bifangst i fiskegarn heldt opp høg, menneskeskapt mortalitet. Også koloniane på Haramsøya (Lia, Nova og Ullahornet) gjekk dramatisk tilbake og var på det lågaste berre nokre få titals par. Det meste av restbestanden trekte ut og samla seg i ein koloni på 2-300 par på

Svetlingane. Hekking på eksponerte snauskjer var ikkje gunstig på sikt, og etter kvart trekte toppskarvane tilbake til dei gamle koloniområda langs Lia på Haramsøya og i Sakshammaren og Husafjellet på Skuløya, der koloniane på nytt har bygt seg auka til tresifra tal.

5. Verdi- og konsekvensvurdering i samband med vindkraftsøknad på Haramsøya

Norsk Ornitologisk Forening kritiserte sterkt manglande bruk av bakgrunnskunnskap, verdivurdering og KU-vurdering då konsesjonssøknad var handsama av NVE 2005-2008, og NOF merker seg at NVE no har bedd om tilleggsrapport om fugl. Ein rapport på 10 sider frå Multiconsult gir inntrykk av at fakta om fugl og vurdering av kollisjonsfare er oppdatert.

a) Rovfugl

Hubro på Haramsøya er kommentert særskilt i kapittel 1.1 i tilleggsrapporten. Der blir det framstilt som om det ikkje ligg føre konkret registrering av hubro dei siste 40-50 åra. Ved kartlegging og bestandsovervaking frå rundt 1970, vart det heilt bevisst ikkje søkt etter dokumentasjon på reir og hekkeresultat i område med indikasjon på hekking eller fast tilhald av hubro. Dette fordi hubroen vart sett på som svært sårbar for forstyrring på reir og hekkeplassar. Det meste av registrert hubro er derfor sporteikn som fjør og gulpebollar, men feltarbeid i sjøfuglkoloniane gjorde at det frå tid til anna blei støkt hubro. I tillegg vart det notert opplysningar frå lokalbefolkinga om førekomst av hubro. Framstillinga som er presentert i tilleggsrapporten, er derfor ikkje rett. Ved overvaking av lydaktive nattfuglar er det velkjent at mangel på respons ved lytting eller bruk av elektroniske lyttepostar ikkje kan stadfeste fråvær. Det vil i så fall krevje heilt annan frekvens av lytteturar eller brukstid for lytteutstyr. Observasjonar av hubro på Nordøyane rapporterte vår og sommar 2019 illustrerer dette. Arten er rapportert frå alle dei fem Nordøyane, nokre på territorierop men fleire sett i aktivitet, funn av ihelkørt hubro (fotodok.) og foto av hubro i terrenget. I sum gjev dette eit meir positivt bilde for hubro i øy-landskapet enn på mange år og viser konturane av ein regional om enn fåtalig hubrobestand, i så fall den einaste som er kjend i Møre og Romsdal for tida, der det mest positive utanom er hubroaktivitet på to lokalitetar nær kvarandre i sørfylket. Etter NOF si oppfatning er det derfor viktigare enn nokon gong å vere kritisk til å tillate arealbruk og aktivitetar som erfaringsmessig vil kunne vere ein trussel mot overleving av hubro. Det seier seg sjølv at vindkraftutbygging ikkje kan sameinast med dette i slike område. Jamfør rapporten: Hubertus Illner – «Comments on the report «Wind Energy Development and Natura 2000» edited by the European Commission in October 2010 (11 + 2 sider). Her er hubro summert på sjetteplass når det gjeld frekvens av drepne fugl ved vindkraftverk, der havørn forøvrig figurerer med ein frekvens som er meir enn seks gonger høgare enn neste art på lista.

For havørn gjev den tidlegare framstillinga av førekomst av havørn på Haramsøya inntrykk av at det kan reisast tvil ved i kor stor grad det er reproducerande og territorial havørn på Haramsøya. Med referanse i Fylkesmannen i Møre og Romsdal vert det framstilt som om det ikkje har vore vellukka hekking på austsida av Haramsfjellet sidan 1976. Paret som hadde reir der, produserte ikkje ungar frå 1976 til 2005, men paret bygde årleg reir, la egg og ruga tida ut, men utan å klekke ungar og var openbert sterile. 2004-2005 vart det utskifting i paret, og frå og med 2006 har dei regelmessig produsert flygedyktige ungar, i 2019 med to ungar på vengene. I tillegg har der vore eit par på vestsida av øya. Det vert ofte synt til erfaringar frå Smøla når det gjeld verknad av vindkraftverk på havørn, bl.a. at havørnbestanden i Smøla er større enn nokon tid og at den aukar. Dei nøkterne tala viser at meir enn 100 havørner er drepne etter at Smøla vindkraftverk vart sett i drift, at bestanden er registrert som stabilisert rundt 55 territoriale par (15 par mindre enn estimatet før utbygging). I og rundt kraftverket er talet gått ned frå 10 til 1-2 par. Det viktigaste er likevel at i Møre og Romsdal er Smøla

einaste kommune som ikkje har hatt aukande havørnbestand etter vindkraftutbygginga, medan det tidlegare var registrert jann auke heilt til anleggsarbeidet starta. Tettleiken av havørn i Smøla er no påfallande låg samanlikna med fylket elles og tettleiken i andre delar av Norge med tilsvarande landskap og potensiale for arten.

Også for vandrefalk kan ein frå omtalen i konsesjonsdokumenta få inntrykk av at det er uklart kor vidt det er årvisst tilhald av arten på Haramsøya, med fokus på at det bl.a. i 2017 ikkje vart registrert flygedyktige ungar og med lite med konkrete opplysningar elles. Dette er like lite rett som for dei to føregåande artane. Sidan vandrefalken etablerte seg på vestsida på 1970-talet, har arten vore årvisst hekkande, over mange år med eitt par på kvar side av Haramsfjellet, det meste med tre par påvist. I 2019 hadde paret på austsida minst to ungar.

Det avgjerande for å vurdere verdi og funksjon av desse lokalitetane er å kunne setje dei inn i den heilskapen som er grunnlaget for at vi kan snakke om og stå over for ansvaret for å forvalte regionale, levedyktige bestandar av dei fugleartane som kjenneteiknar dette landskapet. Ved å fokusere på kor vidt det eine eller det andre paret av den eine eller den andre arten er vellukka dei ulike åra, vil det vere uråd å forhalde seg til den heilskapen som er føresetnaden for å kunne forvalte areal og natur på ein berekraftig måte.

b) Sjøfugl

Vurderingane av kor vidt vindkraftutbygging vil få negative verknader for sjøfuglane, og i dette tilfellet først og fremst sjøfuglreservatet som grensar inntil konsesjonsområdet, er knapt realitetsvurdert i dei rapportane og saksdokumenta som ligg med. Det er avgrensa til at «enkelte par av toppskarv» kan forsvinne. Realiteten for forvalting av toppskarv, på landsbasis som i Møre og Romsdal, er at arten har vore gjennom fleire dramatiske samanbrot dei siste 40 åra. Det første på slutten av 1970-talet ramma heile bestanden i Møre og Romsdal og tilgrensande fylke i nord og sør. For hovudkolonien på fugleøya Runde kom det aldri ny oppbygging, men bestanden stabiliserte seg for ein periode på eit lågare nivå. For koloniane på Haramsøya og Skuløya skjedde ei tilbakevending og oppbygging i dei gamle koloniområda. Det var situasjonen ved freding av sjøfuglreservata og er situasjonen også no. I mellomtida har hovudkolonien på Runde forsvunne og totalbestanden der er berre 2-300 par. Det tilsvrar bestanden som dei siste åra har hekka på Haramsøya og Skuløya. Koloniane på desse to øyane er i dag såleis betydeleg viktigare for om toppskarven skal kunne overleve som hekkefugl i fylket enn for 40 år sidan, og det skal tilsvarannde lite til før situasjonen blir prekær dersom eksisterande koloniar ikkje blir forvalta på ein måte som sikrar arten. I eit slikt perspektiv står grensejusteringa for sjøfuglreservatet på Haramsøya i høve til vindkraftsøknaden i motstrid til verneomsyn. I praksis står vi over for eit vernevedtak som ikkje evnar å oppfylle verneføremålet. Det er miljøvernstyresmaktene sitt ansvar å rette opp dette. Kva konsekvensar det bør få for vindkraftkonsesjonen må vurderast etterpå.

c) Fugletrekk

Skal naturmangfaldlova sitt krav etter § 8 om kunnskapsbasert naturforvalting oppfyllast, må den mest oppdaterte kunnskapen nyttast for å vurdere aktuelle problemstillingar, slik også for fugletrekk. Dei siste åra er det samla betydeleg dokumentert kunnskap om korleis ulike fugleartar oppfører seg under trekket, kva trasear dei vel til ulike tider og ulike tilhøve, kor vidt dei kryssar over land, over øyfjell eller langs høgdedrag og ryggjar. Kravet må derfor vere at konsekvensvurderingar også for vindkraftutbygging nyttar seg av slik kunnskap og ikkje går seg fast i «logiske» spekulasjonar etter ei teoretisert oppfatning av forventa flygehøgde, flygeevne som har lite å gjere med skapningar som gjer val på individuelt nivå. I NVE og Multiconsult sine vurderingar om Haram vindkraftverk jamført med erfaringane på Smøla så

langt et gjeld havørn, er vurderingane at dei få havørnene som held til på Haramsøya nok kan bli offer for kollisjonar, men ikkje i same grad som på Smøla. Då er det eit tankekors at i løpet av ein god halvtime ein tilfeldig vald dag første veka av april 2019 kom 20 havørner på trekk mot Runde frå sørvest, skrudde seg opp over plataet på Runde og vart borte mot nordaust. Det er rimeleg å tru at i alle fall ein del av same fuglane relativt kort tid etterpå ville passere Haramsfjellet på same måte. Samtidig syner ringmerkingkontrollar at ein betydeleg del av nordnorske havørner vandrar sørover langs Norskekysten om hausten, returnerer om våren og då saman med fugl frå den sørnorske bestanden som oppheld seg i Nord-Norge frå mai/juni til september/oktober, då dei returnerer. Dette er kunnskap og vurderingar som ikkje er berørte av KU-vurderingar korkje for Haramsøya eller andre vindkraftverk, og dette gjeld berre ein einskild art. NOF må bokføre dette som endå eit tilfelle av sakshandsamingsfeil.

Norsk Ornitologisk Forening må avslutningsvis peike på følgjande tilfelle av det vi oppfattar som alvorlege faktafeil i kunnskapsgrunnlaget. Det gjeld både kunnskapsgrunnlaget for tidlegare tildelt konsesjon, og tilleggsrapport for fugl sommaren 2019:

- Hubro – er systematisk framstilt som därleg og lite presist kunnskapsgrunnlag. Oppsummeringa for situasjonen 2019 burde parkere problemet og ansvarleggjere fagstyresmaktene i høve til forvalting av arten.
- Havørn – også her er faktakunnskapen både før tildelt konsesjon og for 2019 heilt misvisande. Etter som det er referert til Fylkesmannen i Møre og Romsdal er det mogleg at ansvaret må plasserast der.
- Vandrefalk – er også framstilt som uklar og upåliteleg faktakunnskap, medan den kunnskapen som NOF har tilgang til, er like klar og utvetydig som for dei to andre artane.

For Norsk Ornitologisk Forening

Kjetil Aa. Solbakken

Kjetil Aa. Solbakken, generalsekretær

Alv Ottar Folkestad

Alv Ottar Folkestad, saksbehandler

Kopi

Klima- og miljødepartementet postmottak@kld.dep.no

Miljødiirektoratet post@miljodir.no